

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Utval for plan og miljø	036/2017	20.04.2017
Kommunestyret	031/2017	27.04.2017

Uttale til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Uttale til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger vert vedteke slik den ligg føre i saka.

Kommunestyret 27.04.2017:

Handsaming:

Richard Markhus, Sp, fremja følgjande forslag til endring i tilrådinga frå utval for plan og miljø:

1.

I retningslinjene til planen må punkt 1.3 som motsegnstakast ut av planen.

2.

Punkt 2.16 i retningslinjene må endrast slik: Kommunen har mulighet til å tildela sjøareal til havbruksføremål når dei finn det tenleg utan at det føreligg teknologiske nyvinningar eller at området skal øyremerkast til nye artar.

3.

Punkt 3.5 må endrast slik: Fortøyningar kan leggest i areala som er karakterisert som sjø- og vassdrag generelt og slik at framtidig utviding av AK område gjennom kommuneplanvedtak kan gjerast i desse områda.

Tilråding frå utval for plan og miljø med endring fremja av Richard Markhus, Sp, vart samrøystes vedteke.

KOM- 031/2017 Vedtak:

Fusa kommune vedtek uttalen frå utval for plan og miljø med følgjande endringar:

1.

I retningslinjene til planen må punkt 1.3 som motsegnrett takast ut av planen.

2.

Punkt 2.16 i retningslinjene må endrast slik: Kommunen har mulighet til å tildela sjøareal til havbruksføremål når dei finn det tenleg utan at det føreligg teknologiske nyvinningar eller at området skal øyremerkast til nye artar.

3.

Punkt 3.5 må endrast slik: Fortøyningar kan leggest i areala som er karakterisert som sjø- og vassdrag generelt og slik at framtidig utviding av AK område gjennom kommuneplanvedtak kan gjerast i desse områda.

Utval for plan og miljø 20.04.2017:

Handsaming:

Eit samla utval arbeidde seg gjennom eit høyringsutkast som administrasjonen hadde førebudd til møtet. Utvalet slutta seg samrøystes til framlegget og vil tilrå dette for kommunestyret.

UPM- 036/2017 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Uttale til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger vert vedteke slik den ligg føre i saka.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

- Kommunestyret

Saksdokument:

- Uttale til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger

Vedlegg: Sjå nederst i saka

- Plankart
- Planomtale
- Notat med endringar
- Oversendingsbrev utvida frist
- Oversendingsbrev avgrensa høyring

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger var på offentlig høyring i perioden mai til oktober 2015. Det kom inn 44 skriftlege høyringsuttalar til planframlegget. Planen er bearbeidd etter høyringa og har vore diskutert i prosjektgruppa og styringsgruppa.

Høyringsforslaget inneheld plankart og planomtale med mål, retningslinjer, konsekvensutgreiing og handlingsprogram. Planforslaget er no på avgrensa høyring til kommunane, og utvida høyringsfrist er satt til 12.mai 2017.

Uttalen har vore arbeidd med i utval for plan og miljø, og vert lagt fram for kommunestyret.

Vurdering:

Vedlegg:

Plankart regional kystsoneplan	1351079	18.04.2017
Planomtale regional kystsoneplan	1351080	18.04.2017
Notat - Endringar til avgrensa høyring	1351078	18.04.2017
Utvida frist for avgrensa høyring av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	1351076	18.04.2017
Avgrensa høyring av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	1351077	18.04.2017